

Fredag morgen · Aftenposten 17. november 1972



Brev til redaksjonen

Riktigheten av offentlige oversettelser

Hr. redaktør.

I forbindelse med oversettelsen av Roma-traktaten og de forskjellige EF-akter til norsk, har det vært fremsatt påstand om at enkelte oversettelser ikke var korrekte. Som utøvende translator har jeg selvsagt vært interessert i disse utredninger og har da stillt meg det spørsmål: Hvem har det prinsipielle ansvar for og riktigheten av offentlige oversettelser? Det er i hvert fall forstemmende når man får det inntrykk at norske embedsmenn mistenkeliggjøres for bevisst feilaktige oversettelser. Det inngående kjennskap til vedkommende fremmedsprog som i hvert fall høyt kvalifiserte fagfolk sitter inne med, skulle resultere i korrekte oversettelser.

Imidlertid har det forbausset meg at en oversettelse av et offentlig dokument som har vært omtalt så meget i norske aviser, så vidt jeg kan se, ikke er blitt belyst av våre sprogautoriteter. I den historiske granskningen av forholdene i 1940, bl. a. kapitulasjonsavtalen av 10. juni 1940, har det vært dissens bl. a. mellom professor Magne Skodvin på den ene siden og statsstipendiat Sverre Hartmann på den annen side angående fortolkningen av oversettelsen av dette kapitulasjonsdokument. I avtalen står det bl. a.:

«Die gesamten norwegischen Streitkräfte legen ihre Waffen nieder....»

Ifølge den offisielle oversettelse er ordet «die gesamten» her

oversatt med de «samlede». Interpretasjonen av uttrykket «die gesamten norwegischen Streitkräfte» med «de samlede norske stridskrefter» mente jeg og formodentlig også andre translatorer, måtte være feil. «Die gesamten» må oversettes med samtlige (alle), og er ikke idiomatisk med «de samlede stridskrefter». Uttrykket «de samlede stridskrefter» ville i så fall i tysk versjon dekkes av «die gesammelten» eller «versammelten Streitkräfte». Da jeg ikke kunne finne noen innsigelse mot den etter min mening feilaktige oversettelsen og heller ikke at noen hadde påberopt seg tyske sproginstansers versjon, anså jeg det for hensiktsmessig å tilskrive «Gesellschaft für deutsche Sprache» i Wiesbaden for å få en autoritativ forklaring. Dette institutt som nå også har etablert en avdeling i Norge med den kjente humanisten og forfatteren Max Tau som formann, er anerkjent som en suveren sproglig instans når det gjelder fortolkning av det tyske sprog. Instituttet er bl. a. rådgivende organ for Den tyske forbundsrepublikk ved fortolkning av rettsnormer, lovgivning etc. På min forespørsel fikk jeg det/svar som redaksjonen har fått faksimile av for å unngå enhver misforståelse. Etter den entydige fortolkningen fra «Gesellschaft für deutsche Sprache» kan det ikke være tvil om hva den korrekte oversettelsen er. «Die gesamten norwegischen Streitkräfte» må således oversettes med «samtlige norske stridskrefter» og ikke «de samlede norske stridskrefter». Dette var den

sproglige siden og intet annet. Den politiske fortolkningen av kapitulasjonsavtalen er det historikernes oppgave å drøfte.

Fredrikstad, 13. november.

Werner Müller

forholdet til den norske regjeringa, til riksstyring og styringsverk i det heile, stutt sagt «allgemeine Fragen der Landesverwaltung».7) Frå første stund arbeidde Sonderstab Weserübung, som den kom til å heita, i djupaste løyndom og hadde strengt påbod om at ingen person eller instans måtte dragast inn i planlegginga med mindre det var tvingande grunn til det.8) Difor vart og dei politiske problema utgreidda ved OKW's eigne organ. På denne måten kom det i stand eit notat (Vortragsnotiz) datert 26. februar 1940, om «Politische und Verwaltungsmassnahmen bei einer Besetzung Norwegens, Dänemarks und Schwedens». Det er utarbeidd ved Wehrmachtführungsstab, Abteilung IV, (Abteilung Landesverteidigung), og forfattern gjer først greie for utgangspunktet. Når det gjeld Norge, går han ut frå den føresetnaden at heile landet («gesamtes Staatsgebiet») vert hersett. Deretter fylgjer serskilde, meir utførlege vedlegg for kvart av dei tre landa. Notatet har vore lagt fram for avdelingssjefen i Landesverteidigung, oberst Warlimont, og ber fleire rettingar frå hans hand.9) Det er vanskeleg å slå fast i detalj kor sentralt dette aktstykket kan vera, men etter proveniensen må ein gå ut frå at det har vore brukt som arbeidsgrunnlag, og etter innhaldet kan ein slå fast at dei hovudlinene som her var dregne opp, vart ståande seinare, og låg til grunn for dei tyske krava som den norske regjeringa fekk lagt fram for seg den 9. april.

I notatet av 26. februar finn vi i hovuddrag denne skipnaden for sivilstyringa i det okkuperte Norge:

Så snart invasjonen tek til, må den norske regjeringa få ei oppmoding om å visa samarbeidsvilje, og det bør koma i stand ein avtale om dette. I så fall kan ein ordna forholdet etter dei retningslinene som her fylgjer:

Ved invasjonen blir landet operasjonsområde. Dermed ligg den utøvande makta i hendene på den tyske øvstkommanderande. Han kan skapa rett, og han kan gi pålegg til regjering og styringsverk, med bindande kraft. Denne makta si skal han bruka innanfor visse grenser. Først og fremst ligg det til han å syta for «Sicherheit und Versorgung der deutschen Besatzungskräfte». Men då må han og gripa inn i den politiske sektoren om han finn at det trengst. Han må hindra politiske handlingar som kan ha brodd mot Tyskland, og sjå til at

riksstyringa og administrasjonen er lojale mot okkupasjonsmakta.

Det er ikkje tanken å setja inn noko særskild sivil forvaltningssjef som formelt står over den norske regjeringa. Men den tyske Oberbefehlshaber skal peika ut ein representant hos regjeringa. Denne representanten skal koma frå utanriksetaten. Saman med staben sin skal representanten vaka over norsk indrepolitikk og administrasjon. Utover fører regjeringa ingen sjølvstendig politikk.

Dei parlamentariske organa — det vil då i første rekkje seia Stortinget — skal mest mogleg slutta å fungera. Politisk partiarbeid må halda seg unna spørsmål som rører ved forholdet til okkupasjonsmakta. «Parteipolitische Debatten zur Lage und zur Fragen der deutschen Besetzung sind auf jeden Fall zu unterbinden.»

Notatet inneheld òg generelle retningsliner for styringsverket vidare nedover i dei sivile etatane. Så langt råd er, skal det arbeida uhindra. Dette bør regjeringa senda ut eit opprop om, og innprenta at alle tenestemenn har plikt til full lojalitet mot okkupanten. Beinveges tysk tilsyn skal berre setjast i verk på dei viktigaste stadene, i første omgang berre der det er tyske militære støttepunkt. Kontrollen må strammast til «wo Schwierigkeiten auftreten». Alt i alt gjeld same prinsippet som for riksstyringa. «Bei Durchführung der Verwaltung ist unbedingte Loyalität gegenüber deutscher Besetzung zu fordern.»

Men det kan og tenkjast at regjeringa vil avvisa samarbeid og gripa til passiv eller jamvel aktiv motstand. Skulle det skje, må ho bort («beseitigt werden»), men dette treng ikkje føra til systemskifte. Det er nok å byta ut personar: «An ihre Stelle sind Persönlichkeiten aus dem Lande zu setzen, die bereitwillig sind.» Let det seg gjera, så skal ein nøya seg med å skifta ut på toppen, utan å gå lenger ned i tenestemannskorpsen.

Dette utkastet av 26. februar svarar i hovudsaka til den endelege instruksen som minister Bräuer til slutt fekk, og dei krava som det vart hans oppgåve å bera fram for den norske regjeringa.10) Dei endringane som kom på tale i seinare utkast fram gjennom mars månad, og dei merknadene som vart gjorde, tok ikkje sikte på å endra forholdet mellom regjeringsane, og rørde ikkje ved sjølve grunntanken for den politiske